



[Vegard Døssland ser fram til konsert på heimebane](#)

**Måndag 19.september gjer Eva Megyesi klart for ein ny flott konsert i Uskedal kyrkje. Denne gangen har ho invitert med seg bygdas eigen Vegard Døssland som vil vera solist på trompet og flügelhorn.**



Eva Megyesi under forrige kyrkjekonsert. Bak ser vi ektemannen og komponisten Pawel Cabala som er organist i Odda.

Eva fortel ho har spela ein del saman med Vegard som innslag på konsertar, i gudstenester og i andre kyrkjelege seremoniar dei siste åra. Ho synest han er imponerende dyktig, og derfor inviterte ho han til å kome heim og ha ein konsert i Uskedal kyrkje.

Vegard Døssland er for tida student, freelancemusikar og trompetpedagog i Oslo. Her heime er han nok mest kjent som korpsmusikar, frå Jazzverket og for den vellukka solistkonserten han hadde under Rosendal musikkfestival i 2010. Utanfor Kvinnherad er det nok lagt mest merke til at han vart beste trompetist i NM for solistar i sin klasse både i 2011 og 2012, at han har representert Norge i European Youth Brass Band og rolla han har hatt i kornettgruppa i Austlandets beste brassband, Jaren HMF, dei siste 4 åra.

Vegard har opptredt i svært mange ulike samanhengar, og har samarbeidd med mange kjende musikarar. To av dei største førebileta sine har han også samarbeidd med. Han har spela duett med Tine Thing Helseth, og han hadde Ole Edvard Antonsen som dirigent då han spela i Norsk Blåseorkester. Vegard er rekna som ein svært dyktig og allsidig trompetist som beherskar ulike musikksgjangerar. På konserten lovar han publikumsvennleg musikk frå eit vidt spekter, frå roleg jazz og folketonar til klassisk trompet. Det vert musikk frå Anne Grethe Preus via Jan Magne Førde til Alexander Goedicke. Når solisten vert akkompagnert av Eva Megyesi på kyrkjeorgel og på piano, burde dette verta ei flott konsertoppleving.

Eva Megyesi skal også bidra solo. Denne gongen vert det fransk musikk av komponistane Lemmens og Lefebure-Waley. Ho må sjølvstakt ha med eit lite stykke av favoritten sin Egil Hovland. Dessutan skal ho spela eit stykke av ein annan favoritt, ektemannen Pawel Cabala. Han er ein dugande komponist og har skrivne Toccata og fuge in c-moll på tema 'Alltid freidig når du går'. På konserten måndag vil Eva spela fuga. Når Eva sit ved orgelet og spelar, vil det som vanleg verta direkte videooverføring til lerrett slik at publikum kan følgja dei imponerende bevegelsane med hender og føter!

Det er to dyktige musikarar som skal ha konsert i Uskedal kyrkje måndag kveld. Det vert ikkje billettsal, men publikum kan gje beløpet dei synest høver, som kollekt.

### Uskedal sokneråd

Foto: Leif Arne Døssland/Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland